



## Notat

Dato: 17.02.2016  
Arkivsak: 2015/10429-3  
Saksbehandlar: sigaard

---

**Til:** Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Svar på spørsmål. Politisk rådgjevar for fylkesordføraren - intern kommunikasjon. Forholdet til offentleglova

I Fylkestingets møte den 8. desember 2015 vart det frå representanten Tom-Christer Nilsen, på vegne av Høgre, sett fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen;

*"Ber om en vurdering av hvordan forholdet mellom rådgiver som ansatt i Ap og kommunikasjon mellom rådgiver og fylkesordfører i forhold til offentlighetsloven"*

Forslaget vart oversendt på vegne av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Advokatfirmaet Thommessen AS vart kontakta og anmoda om å gjera ei vurdering av dei juridiske problemstillingane som ligg i oversendingsforslaget.

Advokatfirmaet Thommessen AS v/ advokat (H) Svein Aage Valen har i notat av 6.januar 2016 kome med ei vurdering av spørsmålet som er teke opp i oversendelsesforslaget.

#### Advokatfirmaet Thommessen AS sin konklusjon.

"Etter vår vurdering vil korrespondanse mellom fylkesordfører og politisk rådgiver måtte anses å være dokumenter som organet har utarbeidet for sin egen interne saksforberedelse. Av denne grunn vil slik dokumentasjon som hovedregel ikke være omfattet av innsynsretten, jfr offentleglova § 14, første ledd. Tilsvarende vil saksdokument som enten mottas eller sendes fra den politiske rådgiver til utenforstående, være et saksdokument undergitt innsyn i samme utstrekning som det ville ha vært omfattet av innsynsretten dersom det ble mottatt eller sendt fra fylkesordføreren eller fylkeskommunen som sådan."

#### Journalføring.

I notatet er det og teke opp spørsmålet om journalføring når det gjeld dokument som vert motteke av den politiske rådgjevaren og som er meint for fylkesordføraren eller fylkeskommunen som sådan. Desse må vidaresendast og verta registrert i fylkeskommunen sine journalar i same utstrekning som om henvendinga skjedde direkte til fylkesordføraren. Det same gjeld dokument som vert sendt frå den politiske rådgjevaren på vegner av fylkesordføraren. Dette vert særleg viktig ettersom den politiske rådgjevaren ikkje vil ha generell tilgang til fylkeskommunen sine administrative system for saks- og dokumentregistrering osv.

Fylkesrådmannen vil utarbeida retningslinjer/rutiner for korleis journalføring av desse dokumenta kan gjerast slik at dette føl det regelverk som gjeld.